



## Møteprotokoll

---

**Utval:** Fellesnemnd Nye Øygarden kommune  
**Stad:** Skjenet 2, møterom i andre etasje  
**Dato:** 17.12.2018  
**Tid:** 09:00 - 12:50

---

**Medlemer som møtte:**

Børge Haugetun	Leiar	
Marianne Sandahl Bjorøy	Nestleiar	AP
Kari-Anne Landro	Nestleiar	H
Egil Haaland	Medlem	AP
Tom Georg Indrevik	Medlem	H
Ernst Morten Einarsen	Medlem	H
Odd Bjarne Skogestad	Medlem	KRF
Svein Petter Bergh	Medlem	SL
Anita Garlid Johannessen	Medlem	FRP
Olav Kobbeltveit	Medlem	V
Nils Kåre Skoge	Medlem	H
May Elin Limevåg	Medlem	FRP
Jogeir Sognæs	Medlem	AP
Kjell Arve Vorland	Medlem	SP
Silvia Haugland	Medlem	Uavhengig
Espen Harkestad	Medlem	AP
Ingrid Marie Toft	Medlem	H

---

**Forfall:**

---

**Varamedlemer som møtte:**

---

**Andre:**

Prosjektrådmann Rune Lid, leiar for kyrkjeleg fellesnemnd Harald Rød, prosjektleiar Olav Martin Vik, møtesekretær Unni Rygg.

---

Kari-Anne Landro

Børge Haugetun  
underskrifter

Marianne Sandahl Bjorøy

---

# SAKSLISTE

<b>Saksnr</b>	<b>Innhald</b>
PS 67/18	Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok
PS 68/18	Referatsaker og orienteringar
RS 12/18	Partssamansett utval - referat 11.12.2018
PS 69/18	Spørsmål frå medlemmer i fellesnemnda
PS 70/18	Oppfølging av inndelingslova knytt til kontrollutval og val av revisorteneste i Nye Øygarden kommune
PS 71/18	Oppfølging av inndelingslova knytt til sekretariatsordning for kontrollutvalet i Nye Øygarden kommune
PS 72/18	OTD-messe i Sotra Arena 17.-18.oktober 2018 - finansiering
PS 73/18	Val av pensjonsløyising for Nye Øygarden kommune
PS 74/18	Nye Øygarden kommune - Kostnadsramme for innkjøp av nytt ordførarkjede
PS 75/18	Elev i Nye Øygarden kommune
PS 76/18	Oppfølging av arbeidsgjevaransvar for prosjektrådmannen i Nye Øygarden kommune

## **PS 67/18 Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok**

### **Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 17.12.2018:**

Innkalling, saksliste og protokoll frå førre møte (19.11.18) vart godkjente utan kommentar.

### **Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 17.12.2018:**

Innkalling, saksliste og protokoll frå førre møte vert godkjente.

## **PS 68/18 Referatsaker og orienteringar**

- Orientering om arbeid med budsjett og tenesteytingsavtale for kyrkjeleg fellesnemnd v/ leiar for kyrkjeleg fellesnemnd, Harald Rød, og prosjektleiar Olav Martin Vik
- Orientering om prosjektstatus Nye Øygarden kommune v/ prosjektrådmann Rune Lid
- Orientering om arbeidsavtale med prosjektrådmannen v/ leiar for fellesnemnda, Børge Haugetun

### **Referatsaker**

- RS 12/18 Partssamansett utval – referat 11.12.2018

## **Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 17.12.2018:**

Orientering om arbeid med budsjett og tenesteytingsavtale for kyrkjeleg fellesnemnd v/ leiar for kyrkjeleg fellesnemnd, Harald Rød, og prosjektleiar Olav Martin Vik

Rød innleia presentasjonen med å vise til eit godt samarbeid mellom kommunane og kyrkja over lang tid. Vik gav deretter ei kort framstilling over kyrkja sitt arbeid i dei tre kommunane, både som trussamfunn og som gravferdsforvaltar, og kva rolle kyrkja bør ha i den nye kommunen. Det vart lagt fram eit konsekvensjustert budsjett for økonomien til nytt kyrkjeleg fellestråd frå 1.1.2020, med oppmoding om ei tenesteytingsavtale der kyrkja sjølv vil utføre rekneskap, løn og IKT-oppgåver. Eit nytt kyrkjeleg fellestråd vil ha overordna leiing og administrasjon på Straume og lokale baser både på Rong og Klokkarvik for å ivareta kyrkja sitt arbeid.

*Leiar av fellesnemnda, Børge Haugetun, takka for ein god presentasjon.*

Orientering om prosjektstatus Nye Øygarden kommune v/ prosjektrådmann Rune Lid

Lid informerte fyrst om status for prosjektet med bygging av nivå to der alle tenestene i dei tre kommunane skal kartleggast, inkludert prioriteringsplan, innan 28.januar 2019. «Beste praksis» skal identifiserast og eventuelt bytast ut med nye og betre løysingar for å sikre ressursoptimalisering. Det er til saman starta opp 35 delprosjekt innan «Oppdrag for prosjektrådmannen» og dei fem hovudprosjekta Oppvekst, Helse og velferd, Kultur og samfunn, Økonomi, og Organisasjon og digitalisering. Det er samstundes tilsett kommunalsjefar innan fire av desse hovudprosjektområda, men kommunalsjefstillinga for Økonomi er framleis uavklart. Lid gav deretter ein kort økonomisk status for budsjettet 2018 og 2019. *Etter presentasjonen vart det stilt spørsmål ved om stillingar vert ståande vakante dersom nokon sluttar gjennom året, og Lid viste til at det vert vurdert i kvart tilfelle av den overordna stillingsgruppa. Det vart også stilt spørsmål ved grunnlaget for dimensjoneringa av tenestene, sett opp mot økonomien, og ev. brukarmedverknad i arbeidet med tenesteutviklinga. Lid viste til at tilsette med høgast kunnskap om tenestene er tekne med i prosjektarbeidsgrupper, i tillegg til ev. referansegrupper med brukarar, og at innspela vert vega opp mot økonomien for den nye kommunen i tenesteutviklingsarbeidet.*

Orientering om arbeidsavtale med prosjektrådmannen v/ leiar for fellesnemnda, Børge Haugetun  
Haugetun heldt orienteringa om prosjektrådmannen si arbeidsavtale under behandling av sak 76/18, sjå protokoll.

Referatsaker og orienteringar vart deretter tekne til orientering.

## **Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 17.12.2018:**

Referatsaker og orienteringar vert tekne til orientering.

## **RS 12/18 Partssamansett utval - referat 11.12.2018**

### **Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 17.12.2018:**

#### **Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 17.12.2018:**

Referatsaka vert teken til orientering.

## PS 69/18 Spørsmål frå medlemmer i fellesnemnda

### Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 17.12.2018:

#### **Marianne Sandahl Bjorøy;**

Bjorøy viste til oppslag i Vestnytt om «leiargruppa» i Nye Øygarden kommune sine møter. Leiargruppa, som består av dei tre ordførarane i Fjell, Sund og Øygarden kommunar, har faste møter for å førebu saker til møta i fellesnemnda og partssamansett utval. Leiargruppa sine møter er utvida med dei tre rådmennene, inkludert prosjektrådmannen for Nye Øygarden kommune, og ei slik samhandling mellom administrativ og politisk leiing er naudsynt for å følgje opp vedtak og førebu saker til dei politisk oppnemnte utvala der vedtak vert fatta. Det vart opna for diskusjon for å avklare formaliteten til leiargruppa. *Fellesnemnda var samde om at leiargruppa ikkje er oppretta som eit politisk arbeidsutval, og at det såleis ikkje er naudsynt med innkallingar og referat frå desse samhandlingsmøta.*

#### **Tom Georg Indrevik;**

1. Oppstart og tilknytning for nytilsette kommunalsjefar:

Jf. sak 76/18 der det kjem fram at ny tilsett rådmann i Nye Øygarden kommune skal ha delt stilling i 2019. Eg synest dette er uheldig då det kan gje uklare ansvars- og interessekonfliktforhold. For å sikre framdrifta i prosjektet og fokus på bygginga av Nye Øygarden kommune, og hindre at dei internt tilsette kommunalsjefane kjem i ein «skvis» mellom eksisterande organisasjon og bygginga av ny kommune, ber eg rådmannen om å avklare kva tankar han har kring oppstarten av dei nye kommunalsjefane sett i høve til framdrift og interessekonflikt.

*Leiar for fellesnemnda, Børge Haugetun, viste til at delte toppleiarstillingar, mellom noverande og ny kommune, er vellykka praksis i fleire samanslåingskommunar. Prosjektrådmann Rune Lid supplerte med at økonomisk aspekt og effektivitet er viktige omsyn for å dele toppleiarstillingar mellom noverande og ny kommune og sikre framdrifta. Både Haugetun og Lid var tydelege på at dei har tillit til høvesvis prosjektrådmann og kommunalsjefar med fleire roller.*

2. Sikre gode politiske diskusjonar i fellesnemnda:

Fellesnemnda har ei viktig rolle i å gje politiske signal til administrasjonen i Nye Øygarden kommune. Mykje av informasjonen om framdrifta i prosjektet har so langt vore basert på munnleg presentasjon frå prosjektrådmannen. For å kunne kome med innspel og engasjere organisasjonen utanfor fellesnemnda, håper eg at det frå neste møte vil vere mogleg å få presentasjonen frå rådmannen seinast fredag før møtet.

*Prosjektrådmann Rune Lid viste til at orienteringar om framdrifta i prosjektet vert presentert i møtet, men at dei i etterkant vert lagt ut på nettsida til Nye Øygarden kommune saman protokollen.*

#### **Jogeir Sognæs;**

Sognæs viste til intensjonsavtala punkt 10, om Eigedomsskatt: «I den nye kommunen skal det vera eigedomsskatt på verk, bruk og næring, ikkje på hus og hytter. Konsekvensar ved eigedomsskatt på næring må utgreiast». Når vil administrasjonen lage ei sak til fellesnemnda om utgreiing av eigedomsskatt på næring?

*Prosjektrådmann Rune Lid viste til at han må kome tilbake til det ved eit seinare høve.*

#### **Egil Haaland;**

Haaland viste til målsetjinga om «beste praksis» for kommunen sine tenester, og ville vite om kemneren skal halde fram med å krevje inn eigne inkassokrav i Nye Øygarden kommune?  
*Prosjektrådmann Rune Lid viste til at kemneren er eit eige delprosjekt under Økonomi, og at oppgåvene under kemneren vil takast stilling til i delprosjektet.*

## **PS 70/18 Oppfølging av inndelingslova knytt til kontrollutval og val av revisorteneste i Nye Øygarden kommune**

### **Innstilling:**

1. Nye Øygarden kommune vel å kjøpe revisjonstenester i marknaden.
2. Kontrollutvala syter for at kommunane Fjell, Sund og Øygarden får avvikla noverande revisjonskontraktar slik at dei opphøyrer 31.12.2019. Her må takast med at revisor likevel reviderer ferdig årsrekneskapen for dei tre kommunane i løpet av vårhalvåret 2020, samt avsluttar revisjonar som har starta opp på andre område, t.d. pågåande forvaltningsrevisjonar.
3. Kontrollutvala får ansvar for å gjennomføra konkurranse om revisjonstenester for Nye Øygarden kommune, med verknad fom. 01.01.2020. Det inneber bl.a. utarbeiding av konkurransegrunnlag, knyta til seg naudsynt hjelp og å gjennomføra konkurransen heilt fram til at kontrollutvala innstiller overfor fellesnemnda på val av ny revisor.  
**Kontrollutvala må konferere med prosjektrådmannen ved utarbeiding av konkurransegrunnlaget.**
4. Fellesnemnda skal ta endeleg avgjerd i saka etter innstilling frå kontrollutvala i kommunane Fjell, Sund og Øygarden.

### **Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 17.12.2018:**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 17.12.2018:**

1. Nye Øygarden kommune vel å kjøpe revisjonstenester i marknaden.
2. Kontrollutvala syter for at kommunane Fjell, Sund og Øygarden får avvikla noverande revisjonskontraktar slik at dei opphøyrer 31.12.2019. Her må takast med at revisor likevel reviderer ferdig årsrekneskapen for dei tre kommunane i løpet av vårhalvåret 2020, samt avsluttar revisjonar som har starta opp på andre område, t.d. pågåande forvaltningsrevisjonar.
3. Kontrollutvala får ansvar for å gjennomføra konkurranse om revisjonstenester for Nye Øygarden kommune, med verknad fom. 01.01.2020. Det inneber bl.a. utarbeiding av konkurransegrunnlag, knyta til seg naudsynt hjelp og å gjennomføra konkurransen heilt fram til at kontrollutvala innstiller overfor fellesnemnda på val av ny revisor.  
**Kontrollutvala må konferere med prosjektrådmannen ved utarbeiding av konkurransegrunnlaget.**
4. Fellesnemnda skal ta endeleg avgjerd i saka etter innstilling frå kontrollutvala i kommunane Fjell, Sund og Øygarden.

# **PS 71/18 Oppfølging av inndelingslova knytt til sekretariatsordning for kontrollutvalet i Nye Øygarden kommune**

## **Innstilling:**

1. **Kontrollutvala** hentar inn tilbod på sekretariatstenester frå 3 til 5 tilbydarar.
2. Kontrollutvala i dei tre kommunane samordnar seg på kven som skal få høve til å kome med tilbod.
3. Tilbodet skal gjelde for to år, med opsjon for tre nye år.
4. Det skal leggjast vekt på pris og kvalitet i konkurransegrunnlaget.
5. Innkjøpsgruppa som er peika ut av prosjektrådmannen får i oppgåve å utarbeide framlegg til konkurransegrunnlag, som skal handsamast og godkjennast av kontrollutvala i dei tre kommunane.
6. Fellesnemnda skal ta endeleg avgjerd i saka etter innstilling frå kontrollutvala i kommunane Fjell, Sund og Øygarden.

## **Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 17.12.2018:**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

## **Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 17.12.2018:**

1. **Kontrollutvala** hentar inn tilbod på sekretariatstenester frå 3 til 5 tilbydarar.
2. Kontrollutvala i dei tre kommunane samordnar seg på kven som skal få høve til å kome med tilbod.
3. Tilbodet skal gjelde for to år, med opsjon for tre nye år.
4. Det skal leggjast vekt på pris og kvalitet i konkurransegrunnlaget.
5. Innkjøpsgruppa som er peika ut av prosjektrådmannen får i oppgåve å utarbeide framlegg til konkurransegrunnlag, som skal handsamast og godkjennast av kontrollutvala i dei tre kommunane.
6. Fellesnemnda skal ta endeleg avgjerd i saka etter innstilling frå kontrollutvala i kommunane Fjell, Sund og Øygarden.

# **PS 72/18 OTD-messe i Sotra Arena 17.-18.oktober 2018 - finansiering**

## **Innstilling:**

Fellesnemnda løyver inntil kr. 200.000,- til finansiering av Nye Øygarden kommune sin stand på årets OTD-messe.

## **Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 17.12.2018:**

Det vart stilt spørsmål ved bakgrunnen for avtala med Vest Næringsråd, om at Nye Øygarden kommune v/fellesnemnda får kostnadene med stand og utstyr på OTD-messa 2018.

Tom Georg Indrevik viste til tidlegare års praksis med stand på OTD-messa, både for Fjell kommune sin del og fellesstand for Nye Øygarden kommune, og at praksis såleis vert vidareført. Indrevik beklaga at spørsmålet ikkje var avklart i fellesnemnda i forkant av OTD-messa. Leiar av fellesnemnda, Børge Haugetun, informerte om at eventuelle søknader om midlar må leggjast fram for fellesnemnda før arrangementet skal haldast, for framtida.

Innstillinga vart deretter samrøystes vedteken.

#### **Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 17.12.2018:**

Fellesnemnda løyver inntil kr. 200.000,- til finansiering av Nye Øygarden kommune sin stand på årets OTD-messe.

### **PS 73/18 Val av pensjonsløyising for Nye Øygarden kommune**

#### **Innstilling:**

1. Ut frå ei totalvurdering tilrår prosjektrådmannen alternativ 1) ei forsikra løyising i KLP.
2. Prosjektrådmannen kjem attende med konkrete framlegg til vedtak i dei respektive kommunestyra og orientering om vidare prosessar etter at fellesnemnda har gjort endeleg vedtak i saka.

#### **Handsama i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 11.12.2018:**

Tom Georg Indrevik tok opp igjen tema under sak 17/18; e-post som vart sendt til utvalet kvelden før møtet, frå aktør i saka, og bad om ytterlegare avklaring frå prosjektrådmann Rune Lid. Lid informerte om saksgangen med høyringsfristar, prosessen med nedsett arbeidsgruppe og involvering frå tillitsvalde på vegne av dei tilsette, og informasjon som kjem fram i rapportar vedlagt saka. Lid bad såleis om at e-posten ikkje vert teken omsyn til i denne drøftinga av saka for å sikre rettviss behandling av alle aktørar.

I diskusjonen som følgde var det fleire hovudtillitsvalde som trakk fram ein særskild grundig og vellykka prosess som har sikra brei deltaking i arbeidet med saka. Hovudtillitsvald Hildegunn Høyland bad om å få med følgjande merknad til saksopplysningar under avsnittet «Prosess» - «*Som ein del av prosjektgruppa var også hovudtillitsvald Hildegunn Høyland, hovudtillitsvald Rikard Kvaal og hovudverneombod Trude Erstad Villanger*». Det vart samstundes avklart at alle i partssamansett utval er gilde til å behandle saka då dei tillitsvalde ikkje har vore involvert i å førebu saksframlegget.

Det vart samstundes stilt spørsmål til prosjektrådmannen om innstillinga, og prosjektrådmann viste til at føringar frå dei tillitsvalde, brukarperspektivet, har vore særskilt vesentleg for tilrådinga i saka grunna jamne pensjonsleverandørar.

Leiar av partssamansett utval, Børge Haugetun, viste til at diskusjonen i utvalet er med og gir grunnlag for vurderingar og vedtak i saka i fellesnemnda.

Partssamansett utval gjekk samla inn for at prosjektrådmannen si innstilling føl saka vidare til fellesnemnda.

### **Tilråding i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 11.12.2018:**

1. Ut frå ei totalvurdering tilrår prosjektrådmannen alternativ 1) ei forsikra løysing i KLP.
2. Prosjektrådmannen kjem attende med konkrete framlegg til vedtak i dei respektive kommunestyra og orientering om vidare prosessar etter at fellesnemnda har gjort endeleg vedtak i saka.

### **Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 17.12.2018:**

Marianne Sandahl Bjorøy viste til kommunestyremøtet i Fjell 13.12.2018 og behandlinga av budsjettsaka, med følgjande oversendingsframlegg frå Jan Utkilen (SL) til fellesnemnda: «Kommunestyret i Fjell ber om at det vert fremja ei sak som drøftar framtidig pensjonsløysing for Nye Øygarden kommune, før det vert aktuelt å avvikle Fjell kommunale pensjonskasse». Bjorøy viste til at oversendingsframlegget ikkje vart røysta over i kommunestyret i Fjell.

Prosjektrådmann Rune Lid viste til innkomne merknader frå Storebrand Pensjonstenester der det vert presisert at Storebrand kan tilby ei forsikra løysing for Nye Øygarden kommune, slik som KLP, i tillegg til ei pensjonskasse. Då merknadane har kome inn i etterkant av saksutgreiinga, la prosjektrådmannen fram ei alternativ innstilling i bordet: «Rådmannen innstiller på forsikra løysing gjennom KLP, men tilrår, basert på dei nye saksopplysningane, at ein går på anbod, dersom det er slik at det er fleire aktørar som kan tilby denne løysinga».

Det vart ein lengre diskusjon i fellesnemnda der det vart etterspurt avklaring om kommunal tenestepensjonsforsikring er omfatta av lov om offentlige anskaffelser og anbodsrunde, då saksframstillinga berre har vekta og vurdert eigne pensjonsleverandørar sine noverande tilbod.

Møtet vart deretter heva for gruppemøte.

#### Framlegg frå Ernst M. Einarsen:

Saka vert utsett for å komplettere den med informasjon om moglege nye forsikra pensjonstilbod i marknaden og eventuelle reglar om innkjøp av tenesta.

Framlegget fekk 5 røyster og fall (mindretalet: Fjell H (2), KrF (1), SL (1) og FrP (1)).

Etter at utsetjingsframlegget var røysta over vart saka realitetsbehandla.

#### Framlegg frå Tom Georg Indrevik:

Fellesnemnda innstiller på forsikra løysing og ber om at det blir avklart om det er mogleg å sende dette ut på anbod.

Framlegget fekk 6 røyster og fall (mindretalet: Fjell H (2), KrF (1), SL (1), FrP (1) og Sund FrP (1)).

#### Framlegg frå Silvia Haugland (Uavhengig):

Partssamansett utval si tilråding i saka vert vedteken, med ein kasus om å sjekke om val av kommunal pensjonsløysing er underlagt innkjøpsreglementet.



Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 17.12.2018:**

1. Ut frå ei totalvurdering tilrår prosjektrådmannen alternativ 1) ei forsikra løysing i KLP.
2. Prosjektrådmannen kjem attende med konkrete framlegg til vedtak i dei respektive kommunestyra og orientering om vidare prosessar etter at fellesnemnda har gjort endeleg vedtak i saka.

Prosjektrådmannen får i oppdrag å sjekke om val av kommunal pensjonsløysing er underlagt innkjøpsreglementet.

### **PS 74/18 Nye Øygarden kommune - Kostnadsramme for innkjøp av nytt ordførarkjede**

#### **Innstilling:**

Totalkostnad for eit nytt ordførarkjede vert sett til kr. .... eks. mva.

#### **Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 17.12.2018:**

Framlegg frå Marianne Sandahl Bjorøy om å setje totalkostnaden til kr. 200.000 eks. mva.

Innstillinga, med framlegget om kostnadssum frå Bjorøy, vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 17.12.2018:**

Totalkostnad for eit nytt ordførarkjede vert sett til kr. 200.000 eks. mva.

### **PS 75/18 Elev i Nye Øygarden kommune**

#### **Innstilling:**

1. Fellesnemnda stiller seg positivt til at skulane vert involverte i arbeidet med å byggja Nye Øygarden kommune.
2. Fellesnemnda vedtek å setja av kr. 300 000,- i budsjettet for 2019 til tiltaket *Elev i Nye Øygarden kommune*.

#### **Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 17.12.2018:**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 17.12.2018:**

1. Fellesnemnda stiller seg positivt til at skulane vert involverte i arbeidet med å byggja Nye Øygarden kommune.
2. Fellesnemnda vedtek å setja av kr. 300 000,- i budsjettet for 2019 til tiltaket *Elev i Nye Øygarden kommune*.

## **PS 76/18 Oppfølging av arbeidsgjevaransvar for prosjektrådmannen i Nye Øygarden kommune**

### **Innstilling:**

Fellesnemnda gjev dei tre ordførarane fullmakt til å følgje opp arbeidsgjevaransvaret for prosjektrådmann Rune Lid i 2019.

### **Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 17.12.2018:**

Prosjektrådmann Rune Lid gjekk frå møtebordet når saka skulle behandlast.

Leiar av fellesnemnda, Børge Haugetun, heldt ei kort orientering om forhandlingsmøtet med prosjektrådmannen. Haugetun informerte om at Nye Øygarden kommune og Rune Lid har inngått ei arbeidsavtale frå 01.01.19 til 31.12.19 for perioden som prosjektrådmann. Ifølgje arbeidsavtala er Lid tilsett i 80 % stilling som prosjektrådmann for Nye Øygarden kommune og i 20 % stilling som rådmann i Sund kommune, ut 2019. Ny arbeidsavtale vil verta inngått etter lønsjusteringar hausten 2019 for stillinga som rådmann i Nye Øygarden kommune.

Fleire av fellesnemnda sine medlemmer gav uttrykk for at dei var bekymra, som arbeidsgjevar, då praktiske mellomløysingar for prosjektrådmannen og andre leiarar kan gå utover kapasiteten til å stå i jobb(ane) over tid. Fellesnemnda gav samstundes uttrykk for full tillit til at forholda er ordna best mogleg i denne overgangsperioden fram mot 2020.

Fellesnemnda diskuterte seg fram til å presisere innstillinga med ordet «*utval, samansett av dei tre ordførarane*», og vedtok deretter samrøystes innstillinga med denne rettinga.

### **Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 17.12.2018:**

Fellesnemnda gjev eit utval, samansett av dei tre ordførarane, fullmakt til å følgje opp arbeidsgjevaransvaret for prosjektrådmann Rune Lid i 2019.